

Kinn kirke ligger vakkert til.

Kinn er ei grønn vakker perle utanfor Florø i Sogn og Fjordane. Det kløyvde fjellet på øya, som heiter Kinnaklova, har vore eit landemerke for dei som har segla langs kysten vår i all den tid folk har lagt til havs i ulike farkostar. Kinnaklova er som ein port til heilagdomen på øya, den mektige Kinnakyrkja.

Kinn si tilknytting til *Sunnivasegna* og *Heilag Olav*

På Kinn er det ei segn som fortel om korleis Kinnakyrkja vart bygd. Denne segna er av ein slik art at den kan trekke tråder både mot Heilage Sunniva og Heilag Olav.

Borni som etter segna byggde Kinnakyrkja var ei irsk prinsesse og syster til Sunniva. Dei kom drivande over havet i kvar sin båt der Sunniva stranda på Selja og Borni på Kinn. Ute på havet kom dei inn i eit uvær der dei lova Gud å byggje ei kyrkje om dei berga livet.

Då Borni kom iland på Kinn såg ho

fort at ho hadde gitt eit vel stort løfte, for det var lite tilgjengeleg materiale å bygge ei kyrkja av på øya. Etter nokre dagar møtte ho ein tusse på øya som sa han kunne bygge kyrkja for ho om ho gifta seg med han. Dette var Borni lite lysten til, men då tussen sa ho skulle bli løyst frå dette kravet om giftarmål om ho klarte å gjette navnet hans før kyrkja sto ferdig, ga ho han løyve til å starte arbeidet.

Då kyrkja var nær ferdig klarte Borgny å finne ut at navnet til tussen var Vindfløy og vart difor løyst frå

kravet om å gifte seg med tussen. Han datt ned frå taket og døydde då han fekk høyre navnet sitt.

Navnet Vindfløy blir kobbla mot Heilag Olav. I Olavs-segn i heile Norden kan ein finne tusser og troll med dette navn som hjalp kongen å byggje kyrkjer. Dersom kongen kunne gjette navnet til tussen/haugkallen/jutulen før kyrkja var fullført skulle kongen vere fri for forpliktelser.

Segna om Borni binder difor Kinnakyrkja både til Sta. Sunniva og St.Olav. Utifrå segna er det ikkje heilt



usannsynleg at Kinnakyrkja er ei Olavskyrkje. Ei forklaring kan vere at Olavssegna kan ha blitt overført på den lokale helgen Borni. Personifiseringa av dei heilage på Selja og Kinn, det vil si heilage Sunniva og hennar følge, er etter det Sigrud Christie skriv eit relativt seint fenomen.

Kven var dei første kristne på øya og kvifor valgte dei Kinn

Ein kan spørre seg om desse første kristne som kom sjøvegen såg etter spesielle landemerker, kjelder, steinholer eller liknande. Var kanskje dei første kristne som kom til Kinn keltiske munkar? Kom dei frå klosteret på Iona? Dette var teorien til Einar Seim som i si tid vart omtalt som Norges mest lærde bonde. Han budde på Kinn frå 1896 fram til sin død i 1978. Mange støttar denne teorien, men sikkert svar blir det nok vanskeleg å få. Underleg er det likevel at ein finn så mange likheitstrekk mellom Selja, Kinn og Iona.

BORNIHILLAREN

Hola i fjellet overfor kyrkja blir kalla for Bornihellaren og kan vere den fyrste kyrkja på Kinn. Det er eit visst holdepunkt for det både grunna Odd munk Snorreson si beretning, der han fortel om dei heilage på Selja og Kinn, men

og grunna plasseringa i forhold til kyrkja. I saga om Olav Tryggvason etter Odd munk Snorreson står det om helleren på Selja: I den dyrverdige helleren som rasa saman, er det no bygt eit kapell som dei kallar Salen. Helleren er den eine veggen, og den andre er laga av stein. Inne i berget går det ei hule, og ut av den renn ein liten læk. Der får mange lækjedom. I dette kapellet er det bygt eit altar, og det ligg oppe i fjellet frå hovudkyrkja. På same viset er desse folka dyrka i Kinn. Ein kan med desse orda si at dei heilage på Selja og Kinn vart tilbedt på same vis. På Kinn har vi også ei hule på sør/vest sida av øya som heiter Olav Tryggvason hola. Etter lokal segn skal Olav Tryggvason ha kvila her på si reis opp langs kysten.

KINNASPELET

Sida 1985 har det vore framført eit historisk spel ved kyrkja på Kinn som handler om Sta.Sunniva, Borni og reformasjonen. Dette er eit spel som er lagt i spektakulære kulisser. Spelområdet ligg rett ovanfor kyrkja der ein sit med utsyn mot havet. Det har vore gjort få tekniske inngrep i dette området slik at ein får følelsen av å gå tilbake i tid. Ein blir dratt inn i den store konflikten den lokale presten måtte ta stilling til då


Vær med på reisen fra Verdens ende til verdens ende!

Den fascinerende boken alle må
ha – de bare må ha den!

Eivind Luthens
Pilegrim ved verdens ende

Utgitt på Verbum forlag

Spesialtilbud til medlemmer av
Pilegrimsfelleskapet St. Jakob
Kr. 275,- portofritt tilsendt!





reformantane kom til øya og ga presten valget om å si ja til Lutherlæra eller forlate kyrkja.. Her blir presten dratt mellom prestefrilla sitt ynskje om å kunne gifte seg med presten og folket og si eiga redsel for den nye læra. Presten har og ei dotter ved navn Borni som gjerne vil ha eit ord med i laget. Ho er oppattkalla etter Borni i segna om Kinnakyrkja. Spelet blir framført 21. og 22. juni. Det vil gå båtar i skytteltrafikk til Kinn denne helga. Spelet har fått utruleg gode omtaler og er vel verdt å oppleve.

PILEGRIMSVANDRING TIL KINN.

Det er ikkje mange skriftlege kilder til å kunne dokumentere Kinn som pilegrimsstad, men eit lite holdepunkt finn ein i saga om Olav Tryggvasson etter Odd munk Snorreson. Der står det at folket oppfatta dei som kom ilag med Sunniva som heilagmenne.

Både på Kinn og Selja vart dette folk- et dyrka etter sin død. Kinnakyrkja er og eit vitne om Kinn som heilagstad.

Det skal vere pilegrimsvandring til Kinn i år for fyrste gong i nyare tid, i samband med Seljumannamesse og Olsok. Det er vandringar som kunn skal gå over to dagar. Vi starter forsiktig slik at det blir gjennomførbart. Dette er nytt både for prestestanden i området og for befolkninga.

Det har vore vandringar med skuleklassar og liknande på øya tidlegare, men i år vil turen gå frå Florø med båt til

øya Reksta, og med vandring langs Reksta-landet og båt igjen over til Kinn.

Det blir overnatting på Kinn får ein legg i veg til samling i kyrkja neste dag.

Pilegrimsvandring har nok ikkje den store tradisjonen i dette området, då båt har vore eit meir naturleg framkomstmiddel. Vi ynskjer likevel å knytte desse to tradisjonane saman slik at ein både nyttar båt og legg ut på vandring. Dette er idag muleg takket vere gode båtruter på kysten vår. Dette blir ei lita prøve på kva den nye Sunnivaleia etterkvart skal by på.

SUNNIVALEIA FRA KINN TIL SELJA

I slutten av 2006 starta så smått arbeidet med ei kystpilegrimsrute frå Kinn til Selja. Det vart skipa ei gruppe som har gjennomført eit forstudie av prosjektet. Interessen for satsinga har vore stor, og ein er nå inne i ein formaliseringsprosess for å kunne realisere prosjektet. Utgangspunktet var å binde saman Kinn og Selja sterkare saman, med segna om Sunniva som basis.

Det er idag fullt muleg å reise med rutebåtar frå Kinn til Selje/Selja som kystpilegrim. Båtrutenettet på vestlandet gjer dette muleg. I arbeidet med prosjektet har det vore eit ynskje å tilføre ruta vandreetapper slik at ein kunne ta denne ruta i eit rolegare tempo. Det å gje tid til refleksjonar og mulegheit til å gje meir innhald ved å legge ruta innom stader med vill og vakker natur og kyrkjestorie frå før reformasjonen har

vore viktige element for gruppa som har arbeida med prosjektet til nå. Det er og andre historiske element vi ynskjer å trekke fram om muleg.

Pilegrimsruta frå Kinn til Selja må ha båtetterapper då vi her knytter saman to øyer og utfordringane er her som ellers mange. Som sagt kan vi by på fantastiske naturopplevingar både på Kinn, Bremangerlandet, Vågsøy og Selje. Det er og lagt inn ei vandrerute til *Verdens ende* som går innom Dragseide og ut til Ervik på Stadlandet.

Dragseide var staden dei i eldre tider drog båtane over på lunner for å slippe det tøffaste partiet av Stadhavet. Der er det reist eit stort steinkors til minne om Olav Tryggvasson som etter sagaen kristna fire fylke i 997.

Samtidig som ein ser på korleis ruta skal merkast ser ein også på mulegheitane for å binde denne ruta til Bergen og Trondheim. Relikvieskrinet til Sunniva vart ført til Bergen slik at det naturleg å trekke linja dit. I Trondheim er Sunniva ein av helgenane på ytterveggen av Nidaros og ikkje nok om det men nå har ein og eit eige Sunnivakapell i Vår Frues kirke i Trondheim.

Ei reise i spora etter Sta.Sunniva er fullt muleg å utføre idag både på sjøen og landevegen. Dette er ei reise som kan anbefales på det sterkaste. På nettsida kinnguide.no finn du rutebeskriving på ei slik reise til sjøs.

Velkommen til Kinn!

GRY J. SEIM